

Vår referanse 2020/39092-2
Dato 30.03.2020BERGEN BRUNSJ AS
Kaigaten 12
5016 BERGEN

Svar på søknad - Uteservering Kaigaten kaffebar - fv 577 Kaigaten - gnr 166 bnr 663 - Bergen kommune

Vestland fylkeskommune viser til dykkar søknad om leige av offentleg areal til uteservering datert 23.01.2020. Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 18.03.2020 med informasjon om at fylkeskommunen overtar handsaming av søknadene frå 01.01.2020.

Saka gjeld:

Det er søkt om uteservering 2 meter ut frå fasaden i 3,5 meters lengde langs husveggen. Omsøkt areal har ei trapesform og er på totalt 5,5 m².

Bilde frå søknad og oversiktskart som viser Kaigaten 12:

**Fylkeskommunen si rolle:**

Vestland fylkeskommune er både grunneigar og vegstyresmakt for det aktuelle arealet. Dette inneber at fylkeskommunen må godkjenne bruk av arealet til uteservering både som grunneigar og vegstyresmakt.

Det er forbode å bruke offentleg vegareal til anna enn trafikføremål, med mindre vegstyresmakt har fatta vedtak om løyve jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å gjere vedtak om løyve til uteservering. I tillegg til løyve og leigekontrakt frå vegstyresmakt og grunneigar (Vestland fylkeskommune) må søkar sjølv innhente andre offentlege løyve for bruk av areal til uteservering, mellom anna nødvendige dispensasjonar frå plan- og bygningslova (Plan- og bygningsetaten i Bergen kommune) og eventuelt skjenkeløyve (Kontor for skjenkesaker i Bergen kommune).

Vurdering:

Vegarealet i Kaigaten sin primære funksjon er trafikkføremål. Kaigaten er ei viktig gate for sykkeltrafikk, særleg mellom Fløen-området og sentrum. Det er ikkje tillate å sykle i køyrebana/bybanesporet i Kaigaten. Det må derfor takast høgde for sykkeltrafikk på fortauet, i tillegg til gåande, personar med rullestolar og barnevogner. Med dette som bakgrunn vurderer vi at det er behov for ei 4 meter brei ferdselssone på fortauet her for å ivareta trafikkføremålet. Vi ser at det kan vere positivt for Bergen by å ha liv langs bygatene, og ønskjer derfor å legge til rette for uteservering i den grad det ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet eller anna regelverk. Fylkeskommunen vel å leige ut 1 meter i 3,5 meters breidde her. Det medfører at det ikkje er fullt 4 meter breidde til fri ferdsel. Vi vil derfor ta ei ny vurdering for neste utleigesesong.

Kommunedelplan sentrum føresegn 6.3 om areal til uteservering står det:

Butikker og serveringssteder gis mulighet for gatesalg og uteservering i inn til 1 meters bredde langs fasade dersom krav om fri fotgjengerarealbredde på min. 3 meter, og eventuelt areal for holdeplass, varelevering og andre prioriterte aktiviteter er ivaretatt.

Frittstående gatesalg og større serveringsareal kan tillates der alle overordnede krav til fotgjengerbredde, salgsareal langs fasade, sykkelareal, kollektivtraseer og holdeplasser, varelevering, bilfremkommerlighet, utrykning og nødvendig parkering, lokalt oppholdsareal og viktige visuelle og kulturhistoriske sammenhenger er ivaretatt.

Vedtak:

Vestland fylkeskommune gir løyve for sesongen 2020 (01.04.2020-31.03.2021) til utleige av fortausareal i 3,5 meters lengde og 1 meter ut frå fasaden langs Kaigaten 12, jf. vedlagt situasjonsplan. Løyve for uteservering på dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.

Opplysning om klagerett:

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt. Klage med grunngjeving skal merkast med saksnr: 2020/39092 og sendast Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Vi vil presisere at ein berre kan klage på veglovsvedtaket og ikkje den privatrettslege vurderinga.

Vidare saksgang:

Vestland fylkeskommune vil etter dette sende dykk eit tilbod om leigeavtale i eige brev. Når leigeavtalen er inngått, kan de starte uteservering på arealet som vedtaket gjeld.

Med helsing

Ann Kristin Nes
Leiar

Kari Elster Moen
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
BERGEN KOMMUNE
BYMILJØETATEN

Postboks 7700

Vedlegg: Situasjonsplan

Vedlegg

Situasjonsplan areal for uteservering - Kaigaten kaffebar - Kaigaten 12 - 01.04.2020 - 31.03.2021



Løyve til uteservering gjeld areal skissert på bildet (ikkje i målestokk), 1 meter ut frå fasade i 3,5 meters lengde merka med grøn farge.

(Vegbildet er henta frå Google Streetview)